



## MØTEBOK

### Inntektssystemutvalet (Borgeutvalet) si utgreiing om inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar- NOU 2005:18. Høyringsfråsegn frå Fitjar kommune

Utval sak	Utval	Møtedato
004/06	Formannskapet	01.02.06

#### Saksopplysningar:

Regjeringa oppnemnde i 2003 eit offentleg utval, Inntektssystemutvalet, som fekk i oppdrag å gjennomgå og evaluera inntektssystemet for kommunal sektor. Utgreiinga var klar hausten 2005, og er no ut til høyring hos relevante instansar med svarfrist 1.2.2006.

Det kommunale inntektssystemet er svært komplisert, noko også utgreiinga naturleg nok ber preg av både i kompleksitet og omfang. Fitjar kommune finn det difor naturleg å konsentrera sin uttale om nokre få punkt som ein meiner er heilt vesentlege.

For Fitjar kommune sin del vil ein samla effekt av utvalet si innstilling til endra inntektssystem bety eit tap på kr. 987,- pr. innbyggjar pr. år i høve til gjeldande system i 2005, d.v.s. ein årleg inntektsreduksjon på ca. 2,9 mill. Dette vert delvis kompensert i overgangsordningar, slik at verknaden blir kr 400,- på innbyggjar på kort sikt. Etter at inntektsutvalet har gjort ferdig sitt arbeid er regionaltilskotet auka med ca 1,5 mill for 2006, slik at tapet ved den nye innstillinga på sikt vil vera om lag 4,4 mill. Dette vil effektivt setja stopp for kommunen som sjølvstendig eining.

#### Vurdering:

Inntekts- og utgiftsutgjevinga skal medverka til å utgjevna dei økonomiske føresetnadene for eit likeverdig tenestetilbod mellom kommunane. Gjennom inntektsutgjevning vert det gjort ei delvis utgjevning av forskjellar i skatteinntekter, medan utgiftsutgjevninga kompenserar for skilnader i berekna utgiftsbehov knytt til nasjonale velferdstenester.

Utvalet sitt oppdrag var å gå gjennom eksisterande fordelingsmekanismar i inntektssystemet for å finna fram til eit mest mogeleg enkelt og rettferdig system. Å finna fram til eit system som alle vil kunna oppfatta som "rettferdig", er vel i praksis umogeleg. Difor vil det nok vera ønska retning/resultat av utgreiinga som langt på veg vil vera styrande for kva som vert lagt inn som "rettferdige" val og vektleggingar av kriterier og verkemidlar. Dette må ein nok til ein viss grad akseptera, men samstundes avdekkar det svake punkt i utgreiinga, og gjev utslag som kan vera vanskelege å forstå.

Ser ein t.d. på kva utslag endra inntektssystem vil få for kommunane i Hordaland, jfr. vedlegg 1 i utgreiinga, er det ein svært tydeleg tendens at det faktisk er kraftkommunar og/eller kommunar med vesentlege inntektskjelder utanom statlege tilskot og inntektsskatt som kjem best ut. Dette leier fram til dei to hovudpunkta vi vil kommentera nærare:

### Fjerning av regionaltilskotet – innføring av distriktspolitisk tilskot.

Regionaltilskotet som ordning vart innført i 1997, og skulle delvis erstatta inntektsbortfall for små kommunar som følgje av omlegging av inntektssystemet. Ein gjer no framlegg om at regionaltilskotet skal fjernast og erstattast av eit distriktspolitisk tilskot samt endring av kostnadsnøkkel. Det mest interessante er ikkje i seg sjølv kva kriterium/nøkkel eller tilskot som genererer verknaden, men sjølve verknaden, og grunngevinga for dette.

Ein kan i utgreiinga ikkje finna tydeleg og konkret argumentasjon for kvifor dei kriterier som vart lagt til grunn for innføring av regionaltilskotet i 1997, no ikkje skal vektleggjast, eller vektleggjast på ein heilt annan måte no enn då, i høve til nytt distriktspolitisk tilskot. I eit foredrag som ein av dei som deltok i utvalsarbeidet heldt på fylkesmannen i Hordaland sitt årlege møte mellom kommunane og statsetatane hausten 2005 fekk ein høyra at utvalet ikkje hadde funne noko god grunngeving for bortfall av distriktspolitisk tilskot for somme kommunar, herunder Fitjar, men skjønsmessig likevel meinte at "desse kommunane burde mista tilskotet". Konklusjonar på slikt grunnlag må vera klart utanfor utvalet sitt mandat.

Når ein ser kva utslag dette vil gje på inntektene til enkelte kommunar, vil det i betydeleg grad svekka tilliten til utgreiinga og konklusjonane som ligg i den.

### Kommunar med store ekstraordinære inntekter.

Problematikken kring kommunar med store ekstraordinære inntekter i form av eigedomsskatt, konsesjonskraftinntekter o.l. er nesten ikkje berørt i utgreiinga. Grunngevinga for at slike inntekter ikkje skal sjåast i samanheng med inntektssystemet elles, er at dette er ein kompensasjon for at aktuelle kommunar stiller naturressursar til disposisjon for storsamfunnet. Sett i lys av følgjande to sitat framstår det som merkeleg at dette punktet ikkje har blitt vurdert nærare:

- "Kraftkommunene har mulighet til å tilby innbyggerne et betydelig høyere nivå på den kommunale tjenesteproduksjonen enn andre kommuner".
- Inntektssystemet skal medverka til å utjevna dei økonomiske føresetnadene for eit *likeverdig tenestetilbod* mellom kommunane.

Ein ser at framlegget til nytt inntektssystem (i alle fall for Hordaland sin del) faktisk vil forsterka skilnaden mellom kommunar med ekstraordinære inntekter og mange av dei frå før "fattige" kommunane. Det tyder at kommunar med vesentlege ekstraordinære inntekter, kan etablera ein standard for kommunale tenestetilbod som det er umogeleg for dei andre kommunane å innfri.

Ikkje alle kommunar har lovgrunnlag eller naturlege ressursar slik at dei har moglegheit til å oppnå slike ekstraintekter. For nokre kommunar framstår inntektene også som i kommunal samanheng meir eller mindre tilfeldig lokalisering av nasjonale utbyggingar. Desse ulikskapane utgjer det viktigaste grunnlaget for forskjellig tenestetilbod frå kommune til kommune, og langt over det som blir kompensert/trekt inn gjennom det kommunale inntektssystemet.

Med bakgrunn i dette framstår NOU 2005:18 som så ufullstendig at utgreiinga i si noverande form ikkje kan tilleggjast vekt i det vidare arbeidet med å utvikla det kommunale inntektssystemet.

### **Framlegg til vedtak:**

Med tilvising til premissane ovanfor, kan Fitjar kommune ikkje akseptera at NOU 2005:18, med sine vurderingar og konklusjonar, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med å utvikla nytt inntektssystem for kommunar og fylkeskommunar.

### **Behandling i Formannskapet 01.02.2006:**

Ordførar Agnar Aarskog orienterte i møtet

### **Vedtak i Formannskapet 01.02.2006 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

Atle Tørnes  
Rådmand